

Referat frå nettmøte med Samf.dep. 23. mars 2021 vedr. anbod på flyruta Stord-Oslo

Desse møtte:

Frå Samf.dep.: Statssekretær Anders Tyvand, Monica Elisabeth Auberg, Jens Nesbø og Andreas Neumann.

Frå Stortinget: Liv Kari Eskeland (H) samt leiar av Transport- og Kommunikasjonskomiteen Helge Orten (H)

Frå Sunnhordland lufthavn AS: Styreformann Dag Aksnes og dagleg leiar Jan Morten Myklebust

Samf.dep. har nyleg lyst ut flyruta Stord-Oslo på anbod. Anbodet gjeld for ein måned med opsjon på ytterlegare 2 månader. Flyselskapa Widerøe og Danish Air Transport AS (DAT) hadde levert inn anbod. Vinnar vart DAT. Oppstart av ruteflyginga er sett til 12. april. Det vert 2 daglege rotasjonar mandag-fredag og 2 rotasjonar på søndagar.

Sunnhordland lufthavn AS er bekymra for den korte tidsperioden anbodet gjeld for. For å sikra flyruta ynskjer lufthamnselskapet at Samf.dep. snarast lyser ut eit nytt anbod på flyruta gjeldande frå juli og ut 2021 med opsjon på ytterlegare 3-6 månader om dette skulle verta naudsynleg. Dette vil bidra til at ruta ikkje stoppar opp når gjeldande anbod opphøyrer etter maks 3 månader.

Vidare ynskjer lufthamnselskapet at det i løpet av hausten vert halde eit nytt møte med Samf.dep. for å vurdere situasjonen og ei eventuell vidareføring av anbodet på flyruta.

Lufthamnselskapet informerte om at flyruta Stord-Oslo har vore driven på kommersiell basis dei siste 11 åra. Forventningane til lufthamnselskapet er at ruta igjen skal kunna drivast på kommersiell basis når Covid 19 er over.

Samf.dep. er klar over at tidsperioden for anbodet er kort. Dei vil i løpet av kort tid ta stilling til om opsjonen på ytterlegare 2 månader skal iverksettast. I løpet av mai vil dei ta stilling til om dei vil lysa ut eit nytt anbod på flyruta. Meininga er då at det nye anbodet skal overlappa dagens anbod og ein vil såleis unngå ein driftsstopp på ruta.

I ei eventuell ny anbodsutlysing vil Samf.dep. sjå på kabinfaktoren på dagens anbodsroute. Dei vil også sjå på historiske passasjertal og prognosar. Lufthamnselskapet vil bidra med å hente inn reisebehov frå dei største bedriftene i Sunnhordland.